



**Skjåk kommune**  
**Plan, samfunn og miljø**

Skjåk Jeger- og Fiskarlag

2690 SKJÅK

Att. Ove John Plassen

**Delegert vedtak**  
**66/10**

**Vår ref**  
2009/1071/71/N08

**Dykkar ref:**

**Saksbehandlar**  
Bjørn Dalen

**Dato**  
20.07.2010

bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

**Saka gjeld: Reinheimen nasjonalpark - flytting av naust ved Leirungsvatnet - Skjåk Jeger- og Fiskarlag**

**Saksutgreiing**

Denne saka blir handsama i 2 omgangar i kommunen. Den bli fyrst handsama etter verneforskriftene for Reinheimen nasjonalpark, i ei anna sak som byggjesak etter plan- og bygningslova.

**Historikk**

I 1995 søkte Skjåk kommune Skjåk Jeger- og Fiskarlag (SJF) om å få føre opp naust ved Leirungsvatnet. Etter uttale frå fleire partar vart det gjeve løyve til dette. Festekontrakt med grunneigar Skjåk Almenning vart oppretta. Bl.a. vart det gjeve uttale frå Fylkesmannen i Oppland som ikkje hadde merknader til tiltaket. Jfr. Rikspolitisk retningslinjer frå 1992 for framtidige verneområde. Skjåk bygningsråd ga i sak 39/95 den 9.september 1995 byggjeløyve. Naustet vart bygd i vestenden av vatnet med plass til ein båt og opphaldsrom med 2 senger. I området der naustet vart oppsett var det frå før fleire naust.

SJF vende seg på nytt til Skjåk kommune hausten 2005 med søknad om løyve til byggje om naustet med opphaldsrom. Grunngevinga var at naustet byrja å ta skade av fukt på grunn av at det dreiv mykje snø inn mot bygget om vinter og at hellinga var slik at naustet vart ståande i vatn 20 cm over golvet, og konstruksjonen byrja å ta skade. Samtidig var det teikna inn ei utviding av naustet slik at det vart ein dobbel sengeplass i tillegg til dei 2 som var frå før. Kommunen sende saka til fylkesmannen for uttale i brev dagsett 11.10.2005. I svaret frå fylkesmannen vart det konkludert : ” Fylkesmannen vil derfor frarå at det blir gjeve løyve til søknaden om ombygging og utviding av naustet. Vi ber om å få melding om vedtaket.”

Etter dette skjedde det ikkje noko i saka før kommunen får byggjesøknad oversendt dagsett 30.06.2010. Her søker SJF om å få flytte naustet til ny tomt ca. 3,35 meter lenger sør og ca. 1,15

**Postadresse**  
2690 Skjåk  
**E-post:** post@skjaak.kommune.no

**Heimeside**  
www.skjaak.kommune.no

**Telefon**  
61217000  
**Telefaks**  
61217001

**Bank**  
2085.07.40004  
**Org.nr**  
961381096

cm lenger vest(opp i bakken). Dette vil løyse problemet med fukt i konstruksjonen. Naustet på teikninga frå 1995 viser at det har ytre mål, 2,85 meter x 7,10 meter, mønehøgde frå grunnmur på 2,25 meter. Ny teikning viser ytre mål, 3 meter x 7,10 meter, mønehøgde frå grunnmur ca.2,60meter. Takvinkel er 22 grader på både teikningane. Det er lagt opp til å nytte delar av budelen og naustdelen kombinert, utan ekstra sengeplassar (2 sengeplassar) og utan å utvide dei ytre måla på bygget etter flytting.

## Vurdering

Som det framgår av historikken har denne saka versert i fleire år, og frå før vernetidspunktet for Reinheimen 24.november 2006. Både fylkesmannen og kommunen har halde seg til dei retningsliner som også galdt før vernetidspunktet. Fylkesmannen hadde forvaltningsmynde fram til 01.10.2007. Spørsmålet no blir om dei tiltak SJF vil gjennomføre er foreinlege med verneforskriftene, intensjonen bak vernet av nasjonalparken og dei miljørettslege prinsipp som skal gjelde.

Det er her snakk om å rive eit bygg og føre det opp på ei ny tomt på grunn av vasskade.

I verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark heiter det:

### § 3. Vernereglar

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

a) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.

I forvaltningsplanen for Reinheimen heiter det:

### Gjenoppføring § 3, pkt 1.3 a.

*Etter søknad skal ein normalt få løyve til å setje opp att bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Som hovudregel skal den nye bygningen settast opp på same plassen og ha om lag same utsjånad som bygget det skal erstatte. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap eller endringar som forbetrar utsjånaden til bygget i tråd med rettleiaren for lokal byggjeskikk. Bygg som blir bygd opp etter dette punktet skal ha same funksjon som det bygget som gjekk tapt. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane, kan forvaltningsstyresmakta krevje at bygget blir sett opp andre stader enn der det stod tidlegare.*

Nå har ikkje bygget gått tapt, men grunna vasskade blir det etterkvart ubrukeleg.

Saka må derfor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som lyder:

### § 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.*

Det er gjort følgjande vurdering i den samanhengen:

- Naturmangfaldet i området er rekna som sårbart. Dette gjeld fyrst og fremst i forhold til biotopar nytta av våtmarksfuglar. Dei nyttar heile vatnet, men held seg mest i nordaustre delen av Leirungsvatnet der våtmarksområda er. Området er også viktig for villreinen som brukar det heile året. Derfor er det ein fordel at alle nausta er samla i vestre enden av vatnet og ikke spreidd utover. Det er behov for opprydding i området som kommunen har påpeikt tidlegar. Dette gjeld eldre installasjonar som ikkje lenger er i bruk. Det er ein eigen prosess på dette. Fisket i Leirungsvatnet er utan tvil av dei beste i kommunen og derfor er fellesnauset til Skjåk Jeger og Fiskarlag myke brukt. Brukstida er ca. 2 månader om sumaren frå isen og i juli-august
- Tiltaket vil føre til at det må lagast ny grunnmur på ny tomt og den gamle tomta må reparerast og førast tilbake så nær naturtilstanden som mogleg. Tomta består av grov grus med mykje stein, vegetasjon, skrinne grasvekster. Skal noko av dekke i ny tomt fjernast bør det brukast i den gamle tomta
- Tiltaket vil ikkje føre til auka bruk og belastning av området som sådan så lenge ikkje overnattingskapasiteten blir auka
- Det er viktig at SJF har ei rodning for utfrakt av søppel etter den verksemnda som innstallasjonen fører med seg. Dette må kombinerast med innfrakting av ved om vinteren og gjerast til ei rutine
- Generell påverknad på området er knytt til fiske i Leirungsvatnet, i tillegg er ein og anna villreinjeger inne i området. Ellers er området lite bruk til for eksempel friluftsliv. Den samla belastninga er derfor liten
- Alle utgifter som tiltaket medføre til bl.a. opprydding og attendeføring av gamal tom må dekkast av tiltakshavar
- Det er viktig at det nå blir valgt byggematerialer og -metodar som gjer at ein får eit bygg som tener formålet samtidig som det blir teke omsyn til miljøpåverknadane. Dette gjeld byggjemateriale og plassering av bygget i terrenget

### **Vedtak med grunngjeving**

Skjåk kommune gje, med heimel i § 48 i naturmangfaldlova, Skjåk Jeger- og Fiskarlag, 2690 Skjåk løyve til å flytte nauset ved Leirungsvatnet til ny tomt. Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Ny tomt skal utpeikast av forvaltningsmyndet eller SNO – naturoppsynet.
2. Bygget må oppførast med dei ytre mål som er vist på teikning dagsett 26.06.2010.
3. Tiltakshavar på tilstebe å få bygget til å gå mest mogleg i eit med terrenget. Bygget skal påførast ei farge som gjer at det går mest mogleg i eitt med terrenget rundt. Jfr. eksisterande naust.
4. Bygget skal innvendig ha maksimum 2 sengeplassar, som tidlegar.
5. Den gamle tomta skal attendeførast mest mogleg til naturtilstanden før bygging. D.v.s. at grunnmuren av naturstein skal fjernast og steinen brukast til å forme terrenget i tomta. Eventuell overskotsmasse frå ny tomt skal brukast i den gamle. Alt byggjemateriell som ikkje blir brukt og byggjeavfall må fraktast ut av verneområdet.

### **Klage**

*Vedtaket kan påklages til **Direktoratet for naturforvaltning**. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp.*

*Klagen skal sendast skriftlig til den som har gjort vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringer som er ynskt, og dei grunner du vil gje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden om å oppgje når denne melding kjem fram.*

Med helsing

Bjørn Dalen

### **Kopi pr. e-post til:**

Ottadalen villreinutval v/Knut Granum, 2690Skjåk  
Møre og Romsdal fylke, 6404 Molde  
Statens naturoppsyn, 2686 Lom  
Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer  
Direktoratet for naturforvaltning, 7485 Trondheim  
Kontaktuvalget for Reinheimen, 2665 Lesja